

**Fra:** Post Masfjorden kommune <Post@masfjorden.kommune.no>

**Sendt:** 18.09.2023 08:28:30

**Til:** Liv Oda Dale <liv.oda.dale@masfjorden.kommune.no>, Roald Kvingedal <Roald.Kvingedal@masfjorden.kommune.no>

**Emne:** VS: Piggtrådgjerde

---

**Frå:** Linn-Elisabeth Birkeland Hjartholm <linnebirkeland@hotmail.com>

**Send:** søndag 17. september 2023 13:09

**Til:** Post Masfjorden kommune <Post@masfjorden.kommune.no>

**Emne:** Piggtrådgjerde

Sendt fra [Outlook](#)

---

Hei!

Ved Nordbygda skule er det ein del av gjerdet frå hovudvegen og ned mot skulen som er reparert med piggtråd (sjå bileter). Her er det både barnehage og skule, i tillegg er det mange barn i område på fritidsaktivitetar på ettermiddag/kveldstid. Piggtråd for å hindre dyreferdsel har vore forbode sidan 2010 på grunn av risiko for skade på både mennesker og dyr. Dersom eit dyr prøver å komme over eller under og skadar seg på piggtråden kan dette føre til store lidningar for dyret.

Eg håpar de kan ordne opp i dette så raskt som muleg og reparere gjerdet på ein forsvarleg måte. Eg håpar også det vert tatt ein gjennomgang på andre gjerder i kommunen og om det evt er brukt piggtråd andre stader som må fjernast.

Fleire kommunar har laga planar for korleis dei skal fjerne farleg piggtråd i naturen, har Masfjorden kommune drøfta denne problemstillinga? I Tromsø har dei til dømes ei ordning der kommunen betalar 10kr pr meter piggtråd dei får inn. Andre har tilsvarande ordningar (nrk, 31.07.23).

Under legg eg ved utdrag frå mattilsynet og link til nettsida:

[Forbod mot piggtrådgjerde | Mattilsynet](#)

[Forbod mot piggtrådgjerde](#)

Det er forbode å sette opp nye piggtrådgjerde for å regulere ferdsele til dyr.

[www.mattilsynet.no](http://www.mattilsynet.no)

### *Forbod mot piggrådgerde*

*Det er forbode å sette opp nye piggrådgerde for å regulere ferdselen til dyr.*

*Publisert*

*27.01.2022*

- Det er forbode å sette opp nye piggrådgerde for å regulere ferdselen til dyr.*
- Ved vedlikehald av eldre gjerde skal det ikkje nyttast piggråd.*
- Eldre piggrådgerde som opplagt er farlege for dyr, skal fjernast.*

*Den ansvarlege for eit gjerde skal sørge for vedlikehald, sikring og ei eventuell fjerning av gjerdet. Den ansvarlege vil vanlegvis vere grunneigaren.*

Med venleg helsing Linn-Elisabeth Birkeland Hjartholm

Sendt fra [Outlook](#)